



ÅRSMELDING 2024

Allidrett 2-5 år

Vi har i 2024 hovudsakleg vore ei gruppe på fire personar som har hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av allidretten. Grappa har hatt følgjande medlemmer: Ole Petter Hasti Leversund, Ida Nerlid Holsen, Christina Grytten og Mona Ødegård Standal.

Vi har hatt aktivitet i hallen kvar onsdag kl. 17-18. I tillegg til dei faste treffa i hallen har vi arrangert nokre aktivitetar utandørs:

Mars: Påskerebus med påskeeggjakt på turstiane i nord

Desember: Juleavslutning med kakao, peparkaker og mandariner



Allidretten er eit lågterskeltilbod for alle som ønskjer å delta, og baserer seg på frileik. Vi har i snitt hatt ca. 20 born i hallen kvar onsdag. Dette inkluderer også nokre born i alderen 6-9 år som deltek. Vi har opna for at barn i alle aldrar får vere med då vi ser at også eldre born finn glede i eit slikt aktivitetstilbod.

Alle born som deltek på allidretten må ha med seg ein ansvarleg vaksen. Dette sikrar tryggleiken for borna og gjer det betre for oss som har ansvar i hallen. Den som har ansvarsvakt tar fram utstyr som skal brukast og er kontaktperson om noko skulle oppstå.

I utgangen av 2024 bestemte vi oss for å endre dag for allidretten frå onsdag til søndag. Dette med bakgrunn i at det kan vere strevsamt for familiar å rekke hallen til kl. 17.00 ein vanleg kvardag. Vi spurde difor foreldregruppa om kva dei meinte og eit overveldande fleirtal ønskte å flytte det til søndagar. Så langt ser det ut til å ha auka tal deltakande born.

Vi ser fram til nok eit aktivt år i allidretten i 2025!

For allidrettsgruppa 2-5 år

Mona Ødegård Standal
Gruppeleiar